



MUSEA I SOGN
OG FJORDANE



HOLVIKEJEKTA
Nordfjord Folkemuseum



Årsrapport 2025



Opningsfest for utstillinga «URO – tagging og broderi» ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum, der publikum fekk delta i å skape verket til kunstnar Terje Grimen. Foto: Jostein Vedvik.

Innhold

DIREKTØREN HAR ORDET	6
1 FORSKING OG BEVARING	9
2 KULTURHISTORIE	15
3 KUNST	22
4 STAB	28
5 OM MUSEA I SOGN OG FJORDANE	36
6 ÅRSREKNESKAP	40
7 REVISJONSMELDING	57
8 AKTIVITETSOVERSIKT	59

FØREORD

Årsrapport 2025 er ei oversikt over aktiviteten og resultatene ved Musea i Sogn og Fjordane i 2025.

Innholdet er delt opp i tre delar. I den første delen finn du oppsummeringar av året frå administrerende direktør, avdelingsdirektørar og stab, dessutan informasjon om MiSF sin organisasjon. Del to inneheld styret si årsmelding, rekneskap og revisjonsmelding. Den siste delen er ei aktivitetsoversikt med lister over formidling, utstillingar, arrangement og andre arenaer museet har bidrege på.

Takk

Musea i Sogn og Fjordane takkar for driftstilskot frå Kultur- og likestillingsdepartementet, Vestland fylkeskommune og kommunane Askvoll, Aurland, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Luster, Lærdal, Sogndal, Solund, Sunnfjord, Stad, Stryn, Vik og Årdal. Statsforvaltaren i Vestland og Kulturdirektoratet har også gjeve oss prosjekttilskot. Vi takkar for gåver frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Sparebankstiftelsen DNB, Norsk Forening for Fartøyvern og Fritt ord.

Visjon

Musea i Sogn og Fjordane skal vere ein relevant og aktiv samfunnsaktør innan kunst og kulturarv.

Verdiar

Inkluderande, nysgjerrig, nærverande, forankra

Føremål

Føremålet til Musea i Sogn og Fjordane STI er å drive museum. Vi skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forskning og formidling. Stiftinga skal kunne drive anna kulturell verksemd. Museet skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med det museumsetiske regelverket til ICOM.



Redaksjon: leiargruppa ved Musea i Sogn og Fjordane

Redaktør: kommunikasjons- og marknadssjef Henning A. Hellebust

Foto: Der fotograf ikkje er oppgjeven, er bilda tekne av Henning A. Hellebust.

Design: Gasta

Korrektur: Totaltekst

Publisering: Rapporten er publisert digitalt på misf.no.

Framsidefoto: Holvikejekta fekk i 2025 flytte inn i nytt verne- og formidlingsbygg. Foto: Henning A. Hellebust.



Handverkar Jan Arve Lund på De Heibergske Samlinger – Sogn
Folkemuseum gjenoppfører og restaurerer Hemrebui frå Nordeide.



Administrerende direktør Jan Heggheim var konferansier under opninga av nytt bygg til Holvikejekta.

Direktøren har ordet

Dersom vi trudde verda skulle bli betre i løpet av 2025, tok vi feil. Nesten ingen ting av det vi kjende, og som vart vurdert som trygt og godt, er slik det var. Utan å ramse opp alle verdas utfordringar, kan vi slå fast at evna til å heve den kritiske røysta har svært dårlege kår.

Eg meiner det er ei av våre fremste oppgåver: Gjennom dagleg arbeid med framstilling av fortid og samtid skal vi evne å gje nye synsvinklar og vere kritiske til den kjente og anerkjente forteljinga. Vi skal vere veldig glade for at vi bur i Noreg. Like fullt er det viktig at vi vernar om individets – og for vår del musea sin rett – til å seie si meining utan å bli straffa for det på den eine eller andre måten.

Overordna

Musea i Sogn og Fjordane fekk 58 678 besøkande i 2025, ein ørliten auke frå 2024. Den gode veksten flata altså ut i året som gjekk, og vi trur den fine julimånaden er mykje av årsaka. Sommaren flata heilt ut. Der var nokre museum som gjorde det svært så godt, medan andre hadde skuffande nedgang. Målet om 70 000 besøkande 31. desember 2026 står ved lag. Enkelt blir det ikkje.



Det var god stemning med over 500 gjester, hornmusikk, lokalmat, bestillingsverk av både Ove Eide og Sigrid Moldestad.

Vi er nesten i land med Tinghuset, og 2025 vart året då Holvikejekta endeleg kom i hus. Holvikejekta får stå som eit døme på kva modige menneske får til, som forstår verdien av det som var i ferd med å bli historie. Seinare generasjonar har halde på i 100 år for å få prosjektet komplett. Tidleg i januar 2026 overtok vi nytt kontorbygg i Kvernsteinsparken, og visningssenteret i Astruptunet vart fullfinansiert.

2025 vart året då vi begynte arbeidet med å konsentrere innsatsen. Til no er to eigedommar avhenda, og det står fleire på lista. Både Vamråk Sildesalteri i Kalvåg og Jotunet i Florø har fått nytt liv med entusiastiske nye eigarar. Eg er glad for å kunne slå fast at det var akkurat slik vi ville ha det! Konsekvensen er at vi får færre stader å bry oss om, og kan bruke kreftene der dei trengst for å skape eit godt museum der vi løyser samfunnsoppdraget.

Relevant formidling

Vi har som vanleg ei stor mengd ulike arrangement og utstillingar i 2025. Eg har lyst til å nemne to saker spesielt: Museumsbussen skal sikre at skuleelevar, i første omgang niandeklassingar, skal kunne velje

seg to museumsbesøk der utgiftene til transport blir dekt. Dette er ei ordning som gjer at vi kjem forbi ein av dei store barrierane i formidlinga til born og unge, nemleg transportkostnadene. Vidare vil eg løfte fram Kunstmuseet sine aktivitetar på utsida av det mange opplever som ei lukka «kube» som ikkje har relevans for dei. Å vere ute i gatene og på kjøpesenteret gjer kunstopplevinga til noko ufarleg. Eit raskt overslag viser 150 ulike arrangement i Musea i Sogn og Fjordane i året som gjekk. Ikkje dårleg!

Heilskapleg samlingsutvikling

Tinghuset står sentralt i samlingsutviklinga, i og med at innflyttinga gjev oss høve til å sortere og kvalitetssikre samlingane våre. Vi skal ut av uoversiktlege lager i låvar og naust. Dette har både ein kvalitetsmessig og ein økonomisk gevinst vi førebels berre anar rekkevidda av.

Trygg ivaretaking

Tinghuset er teke i bruk til basisfunksjonane, og i januar 2026 tek vi over siste byggetrinn. Bunads- og tekstilentusiastane får stå som vitne på at nye lagringsforhold gjer at vi faktisk klarar å ta



Det er sjeldan vi opnar nye museum. Opninga av Holvikejekta Nordfjord Folkemuseum var ein høgtideleg dag.

vare på umisseleg kulturarv. Dessverre ser vi at klimaendringane gjev oss nye utfordringar med mugg i dei kalde historiske bygga. Gamle synder med asbest i svært mange gjenstandar er også ei veksande utfordring. Det er ein del av historia, det også, men kostbart og anstrengande å handtere. Re-Org-prosjektet på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, der magasinet vart optimalisert og rydda, var ei sann glede å studere. Her fekk vi mykje kunnskap.

Kunnskapsproduksjon

Vi har fått ein heil flokk med forskarkompetanse og har vist gode initiativ som gjer at vi får mykje ansvar i kollegiet, i alle fall her i Vestland. Nye prosjekt er på gang, og eg er særleg glad for å melde at vi deltek i eit felles nasjonalt prosjekt for å berge kunnskapen om pelsdyrnæringa. Denne forvittrar fort, vi har dårleg tid.

At vi etter lova ikkje er godkjente forskingsinstitusjonar, og dermed ikkje har tilgang til til dømes folketeljingar, er ei fornærming. Dette er ei sak eg meiner vi som bransje må få ordna opp i.

Aktiv samhandling

Den enkelte museumsarena vil alltid vere lokal, innbyggjarane vil aller først trekke til «sitt» museum. Like fullt må vi arbeide for at Musea i Sogn og Fjordane som organisasjon også fungerer godt lokalt. Difor må folk møtast, og vi har difor to personalsamlingar i året. I tillegg kjem eit utal ulike samlingar på avdelings- og seksjonsnivå. Eit godt sosialt møtepunkt har utgangspunkt i eit godt fagleg program. Eg vil skryte av korleis våre eigne tek utfordringa for den delen av programmet som gjeld det vi sjølve har fått til.

Det må mange hender til når store gjenstandar skal inn i Tinghuset. Ei hjulrive frå De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum på veg inn i magasinet.



Forsking og bevaring

Trygg ivaretaking er ei prioritert oppgåve for Musea i Sogn og Fjordane, og med nytt fellesmagasin på plass er retninga for samlingsarbeidet peikt ut for fleire år framover.

I 2025 har mykje handla om innflytting i Tinghuset, og vi har fått testa både samarbeid, logistikk og infrastruktur gjennom året. Også innanfor dei andre ansvarsområda i avdelinga har det vore store hendingar i 2025, både av gledelege og meir utfordrande slag.

2025 er også året der vi takka av Nils Åge Kvamme etter meir enn 30 år i museet si teneste. Nils Åge starta som handverkar ved Nordfjord Folkemuseum, før han gjekk over i stilling som driftsansvarleg med ansvar for byggteknikk, magasin, foto og registrering. I samband med omorganiseringa i 2020 fekk han ny stilling som magasinforvaltar i avdeling forskning og bevaring, og dei siste åra hadde han arbeidsplass på Tinghuset. Med brei kompetanse og mange år i museet har Nils Åge Kvamme sett djupe spor etter seg. Takk for innsatsen!

Forvaltning av samlingane

Nå som Tinghuset er i drift, har vi starta arbeidet med å avvikle mellombelse og eksterne lager. Dette sikrar for det første betre tilhøve for gjenstandane som blir flytta, men fører også med seg store kostnadsreduksjonar knytt til leige.

Store flytteprosjekt i 2025 har vore gjenstandar frå Nordfjord Folkemuseum som vart tekne ut av «Slaktehuset» i samband med bygging av det nye verne- og formidlingsbygget for Holvikejekta, gjenstandar frå De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum som vart plassert på lager på Kaupanger etter tømning av «Raudanaustet» på Amla, og gjenstandar frå Sunnfjord Museum som vart flytta til lager i Førde i samband med oppgradering av administrasjonsbygget i Movika.

Mykje av dette har vore store gjenstandar. Det vart vidare flytta ei større mengde kunstverk

frå Sogn og Fjordane kunstmuseum i etterkant av ein vasslekkasje. Ved utgangen av året har 2332 gjenstandar fått fast plassering i det nye fellesmagasinet.



Flyttelass frå De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.



For nokre av gjenstandane er det naudsynt med konserveringstiltak før dei blir plassert på magasin. Magasinforvaltar Agata Bartkiewicz sikrar den skjøre målinga på ei lita øskje.

Sjølv om Tinghuset har vore i drift, har det vore somme utfordringar med det tekniske, noko som er forventa i eit stort byggeprosjekt. Det har særleg vore utfordringar med varmekammeret, der det både har vore krevjande å halde stabil fukt og temperatur, og der det har danna seg uønskt kondens i oppstartsfasen. Saman med entreprenør har vi jobba gjennom året med å finne ei varig løysing på problema. Det har også vore full byggeaktivitet på Tinghuset for å ferdigstille byggetrinn 2, og mot slutten av året ser vi konturane av det endeleg fullførte fellesmagasinet, med kontorfasilitetar, publikumsdel og endå meir magasinplass. Overtaking er på starten av 2026.


I tillegg til å flytte gjenstandane til nye magasinareal er det mykje å vinne på å utnytte dei eksisterande magasinareala betre. Re-Org er ein metodikk der ein går systematisk gjennom eit magasin for å utnytte volumet i magasinane betre og få kvalitetssikra kor

dei ulike gjenstandane er plassert, samtidig som ein får sikra trygg ivaretaking og auka kunnskap om potensielt skadelege materiale nytta i konservering eller produksjon. I oktober organiserte vi kurs i Re-Org for alle musea i Vestland i samarbeid med Bevaringstenestene. To av magasinane ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum vart valt ut som kursobjekt, og det vart gjort ein enorm innsats både under det vekeslange kurset og i førebuingssarbeidet. Vi står igjen med betre organiserte magasin og auka kompetanse hjå dei tilsette.

Musea i Sogn og Fjordane er med på det treårige prosjektet «Nytt fokus på museumsgjenstandane», leia av Bevaringstenestene (Museumssenteret i Hordaland) og støtta med utviklingsmidlar frå Kulturdirektoratet. Målet er å styrke den heilskaplege samlingsforvaltinga i musea i Vestland, men også stille spørsmål ved kva ein museumsgjenstand er, korleis vi tek vare på dei, og kva konsekvensane



Varmekammer.



Konservator Kristine Ness og samlingsforvaltar Sergio Tassi i byggetrinn 2.



Museumsleiar Trude Knagenhjelm og konservator Georgina McDowall sørgjer for at opplysningane i databasen er rett.



Elektriske gjenstandar kan innehalde asbest eller radioaktive materiale. Konservator Georgina McDowall studerer ein handmiksar.



Rakel Førde Værøy utdannar seg til å bli tømrar og har delar av lærlingtida si ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane. Museumshandverkar Øyvind Atle Skarstein rettleiar i oppmåling av Standalbua.

av samlingsforvaltingsarbeidet er i eit større samfunnsperspektiv. I juni var det oppstartssamling i Bergen med prosjektdeltakarar og inviterte innleiarar, der MiSF var representert med fire deltakarar. Konservator Georgina McDowall og samlingsforvaltar Sergio Tassi er våre faste deltakarar i prosjektet og heldt ein presentasjon om museumsgjenstandane i eit framtidsperspektiv.

Joakim Heltne er tilsett som bygningsvernrådsgjevar ved Musea i Sogn og Fjordane, med De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum som arbeidsplass.

Bygningsantikvarisk

Det er eit nasjonalt behov for å utdanne fleire med interesse for og kompetanse i antikvarisk bygningsvern. Vi har lenge hatt eit ønske om å styrke rolla som læringsarena for tradisjonshandverk og har mellom anna hatt samarbeid med vidaregåande opplæring ved somme museum. I år har vi starta opp eit forsøk med lærling ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane, der vi samarbeider med ei anna lærlingverksemd for å sikre ei fullverdig opplæring. Delar av lærlingtida gjennom tre år er vorte brukt i samarbeid med museet sine handverkarar, og det er ei målsetting å sikre eit godt grunnlag for ei framtid som tradisjonshandverkar. Vi vonar at vi kan hauste gode erfaringar frå dette forsøket, og at vi med tida kan tilby lærlingplass til fleire.

Eit anna nytt tilskot i 2025 er bygningsvern-rådsgjevartenesta. Ordninga med bygningsvern-rådsgjevar har eksistert i Hordaland sidan 1990-talet, og med fylkessamanslåinga vart det vedteke å utvide ordninga til Sogn og Fjordane. Tenesta er delvis finansiert av Vestland fylkeskommune, og skal gje råd til private og offentlege eigarar om



vern, transformasjon og ombruk av bygningsarven. Målsettinga er etter kvart at det skal vere tre slike rådgjevarstillingar ved Musea i Sogn og Fjordane, og i januar var den første på plass ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Det er venta at bygningsvern rådgjevar ved Nordfjord Folkemuseum blir tilsett første halvår av 2026.

Ivaretaking av bygningssamlinga er ein balanse mellom store og små vedlikehaldsoppgåver og meir omfattande restaureringsarbeid. Fleire av restaureringsprosjekta går over mange år. I 2025 har det særlege vore framgang på arbeidet med Løsetloftet ved Sunnfjord Museum, som ved utgangen av året nært er gjort ferdig. Her er det mellom anna sett opp nye skjer, skifta og spunsa botnsviller og sett på ny kledning. Bygningen er freda, og det har vore lagt vekt på prosessuell autentisitet i restaureringsarbeidet.

På Nordfjord Folkemuseum har Tystadstabburet fått ny kledning. Her har vi valt å nytte oppgangssaga kledningsbord for å sikre rett utsjåande. Leirmostova på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum er definert som formidlingsbygg, og det er den siste tida gjort eit omfattande arbeid for å gjere bygningen betre eigna til formidlingsaktivitetar gjennom året. Samtidig er kravet til antikvariske prinsipp i vedlikehaldsarbeidet mindre, og i 2025 har ein større takreparasjon blir utført av ekstern entreprenør. Slik får vi også høve til å prioritere andre prosjekt der handverkarane sin kompetanse i antikvarisk bygningsvern kjem til nytte.

Dei seinare åra har det vore auka merksemd omkring mugg i dei kulturhistoriske bygningssamlingane. Kombinasjonen av auka kunnskap og konsekvensar

av eit våtare klima har sett mugg på dagsordenen for alvor. Vi har gjennom året både hatt kurs i korleis ein identifiserer mugg, gjennomført målingar for å vurdere helserisiko og effekt av gjennomførte tiltak, og blitt medvetne om viktigheita av å nytte høveleg verneutstyr i arbeidet med angripne bygningar. Det er venta at dette blir ei stadig større utfordring i åra som kjem, og vi jobbar med å finne passende og berekraftige tiltak.

Det er ikkje berre dei ståande bygningane som utgjør ei utfordring i bevaring av bygningssamlinga. I samband med at Stallane ved Holvikejekta vart overdregne til private eigarar med føremål om å sette bygget i stand, vart det vedteke av Gloppen kommune at bygget skulle tømmast for innhald innan utgangen av året. Stallane har sidan 2010 husa Prestegarden frå Hornindal, som er tenkt ført opp på området til Nordfjord Folkemuseum. Ei slik oppføring må sjølvstøtt planleggast nøye og vil vare over fleire år, og det vart difor naudsynt å flytte ut alt av bygningsdelar og plassere dei på ein ny mellombels plass inne på museumsområdet.

Forsking og kunnskapsdeling

For Musea i Sogn og Fjordane har ein viktig strategi for å styrke forskingsarbeidet vore å samarbeide med andre museum i Vestland, til dømes gjennom prosjektet «Forskinsinfrastruktur for musea i Vestland» (2021–2024). Samarbeidet er vidareført gjennom eit lausare organisert «Forskinsnettverk Vestland», samtidig som vi jobbar for å sikre faste driftstilskot til koordinering av forskningssamarbeidet. I samband med avslutning av forskingsinfrastrukturprosjektet vart det gjennomført ei sluttundersøking for å evaluere tiltaka i prosjektet og peike ut retning for det vidare samarbeidet.



Løsetloftet.



Handverkar Elling Hauge slår inn trepluggane som fester kledninga på Tystadstabburet.



Tilsette frå museet studerer Prestegarden frå Hornindal der han ligg lagra i Stallane.

Sluttrapporten vart klar ved slutten av året og er tilgjengeleg frå nettstaden til Musea i Sogn og Fjordane.

Med tilskot frå Vestland fylkeskommune har det vore mogleg å halde fram med dei viktigaste aktivitetane frå infrastrukturprosjektet gjennom prosjektet «Å forske saman», med halvårlege skrivesamlingar og forskarseminar. Målsettinga er å ta samarbeidet eit steg vidare og legge til rette for utvikling av felles forskingstematikk og forskingsprosjekt på tvers av musea. Eit konkret resultat av denne målsettinga er prosjektet «The Nature of Museums: On the Interweaving of Nature and Culture in Museums» (NAMUS).

Prosjektet vart opphøveleg utvikla i 2022 i samarbeid mellom Musea i Sogn og Fjordane, Museum Vest, Hardanger og Voss museum og Universitetet i Bergen til ei utlysing frå Norges forskningsråd for å styrke forskarrekuttering og forskarkompetanse i musea. I 2025 sende vi inn ein fornya søknad som fekk tilslag, og dette vil vere eit stort løft for forskinga både i Musea i Sogn og Fjordane og for musea i Vestland. Prosjektet har oppstart i januar 2026 og inkluderer tilsetting av ein doktorgradsstipendiat.

Av andre nyhende i 2025 er ein revidert forskingsplan (2025–2029). Planen bygger i hovudsak på den førre forskingsplanen, men har justert nokre av måla og

tiltaka for å passe betre til ressursituasjonen. Det er vidare lagt vekt på å synleggjere forskning som eit sjølvstendig oppdrag for musea, samtidig som koplinga mellom forskning og formidling skal styrkast gjennom planperioden.

Trass i at musea er forventna å forske og blir omtala som forskingsorganisasjonar av myndighetene, blir vi stadig mint på at denne rolla kjem med nokre handikapp. Det har lenge vore ei utfordring at tilsette i musea ikkje har same tilgang til forskingslitteratur som forskarar ved universitet, høgskular og forskingsinstitusjonar. Gjennom året har det blitt klart at også tilgang til arkivmateriale er avgrensa for museumsforskarar. Då seniorrådgjevar Aud Ross Solberg søkte om innsyn i folketeljingane for 1930 og 1950 til sitt prosjekt om vevrenessansen i Sogn, vart ho nekta innsyn av di museet ikkje blir rekna som forskingsorganisasjon. Klage på vedtaket frå Arkivverket vart sendt til Kultur- og likestillingsdepartementet, men museet fekk ikkje medhald. Saka har fått stor merksemd i museumssektoren i Noreg, og vi vonar at vi kan bidra til å endre tilhøva for forskning i musea.

Som det kjem fram av publikasjonslista, er det publisert to fagfellevurderte publikasjonar av tilsette ved MiSF 2025. I tillegg kjem fleire faglege publikasjonar både i våre egne og i eksterne publikasjonar.

2

Kulturhistorie

Kunnskapsformidling er ei kjerneoppgåve for musea, og i 2025 handla mykje av arbeidet vårt om å gjere formidlinga i dei kulturhistoriske musea meir tilgjengeleg.

Museumsmeldinga løftar at det å gjere musea tilgjengelege for alle ikkje er eit spørsmål om velvilje, men ein demokratisk rett alle menneske har til å gjere seg nytte av kulturtilbod. MiSF sin Strategiplan 2023–2026 løftar fleire mål og tiltak som skal bidra til at vi blir tilgjengelege for fleire, gjennom både utstillingar og andre formidlingstiltak.

Over 45 000 gjester besøkte dei kulturhistoriske musea og nytta seg av formidlingstilboda våre i året som gjekk: utstillingar, omvisingar, pedagogiske opplegg, arrangement og kurs. Det er vår von at gjestene har opplevd oss som tilgjengelege, samtidig som vi veit at arbeidet med å opne opp og gjere musea tilgjengeleg for flest mogleg er evigvarande.

Utstillingar

Opninga av det nye verne- og formidlingsbygget for Holvikejekta var ei historisk hending og eit nytt kapittel. Jekta frå 1881 står støtt i eige opplag og skin i sin nye heim, men er no også del av utstillinga «Holvikejekta», som gjennom tekst og bilde formidlar jekta si historie og jektefart på Vestlandet. Holvikejekta var i si tid ei av mange jekter som gjekk med varer langs kysten og i fjordane. No er ho den einaste att i Noreg av sitt slag. Etter 25 år i jektefart, lasta med ved og andre varer, vart ho sett på land i 1906. 119 år seinare står ho framleis på land, men no i dei omgjevnadene ho fortener.

I jektebygget viser vi også den nye utstillinga «Nordfjordbåten» som løftar historia til ein ubroten båtbyggertradisjon som hadde sin kjerne i Gloppen. Eit gravfunn frå garden Hauge vitnar om båtbygging i Gloppen allereie på 800-talet, og kjelder frå mellomalderen fortel om vøling av distriktet sitt langskip og om bygging av båtar til marinen i København. På 1800-talet var det hovudsakleg

bygdebåtar dei bygde, og fram til 1950-/60-talet var dei små, opne trebåtane ein heilt naudsynt del av både kvardag og høgtid for folk i Nordfjord.

Museumsarenaen Holvikejekta og utstillingane har universell utforming, og vi har med dette gjort denne delen av kulturarven tilgjengeleg for endå fleire enn tidlegare.

I samband med Crossings 200, som markerte den første organiserte utvandringa frå Noreg til Amerika,



Nordfjordbåtutstillinga.

opna vi på Sunnfjord Museum ei mellombels utstilling med tematikk som er relevant for oss alle på fleire nivå. «Spelemenn og sognakjerringar: Underhaldning i det norske Amerika» utforskar spørsmål om korleis utvandrarar som reiste frå landet på 1800- og 1900-talet, takla utfordringane med å etablere seg i nye heimar og samfunn med framande språk og nye skikkar. Innsiktene kan hjelpe oss til å forstå utviklinga av innvandrarsamfunn både i fortid og notid.

Verdshendingar minner oss nesten dagleg på at viktige mangfaldsverdiar stadig står på spel. I den mellombelse utstillinga «Saman» på Nordfjord Folkemuseum formidlar vi kunnskap om ein del av mangfaldet i vår eiga historie. Til alle tider har vi budd og levd saman på ein eller annan måte, men historisk har føremålet med samlivet vore forskjellig. Det har også alltid funnest folk som har levd på andre måtar enn fleirtalet, og synet på dette mindretalet har variert gjennom tidene. Utstillinga formidlar om det å leve saman i arbeidsfellesskap, i kjenslefellesskap, som produksjonseining, som konsumeining, i store einingar, og i små einingar – frå det eldre bondesamfunnet og heilt fram til moderne tid. Med utstillinga har vi gjort tilgjengeleg om lag 200 unike gjenstandar frå samlingane våre.

Hytta er eit populært reisemål for mange, sjølv om kven som eig hytta, og kven som brukar hytta, har endra seg gjennom historia. På Norsk Reiselivsmuseum sette vi opp «Hytta – fire vegger rundt en drøm» som formidlar om hytta si rolle i slekt og familie, og om gleder og sorger som følger med det å eige ei hytte. Utstillinga er produsert av Norsk Folkemuseum og Universitetet i Oslo og tek utgangspunkt i eit prosjekt der ein har sett på hytta som ein arena og ei ramme for samarbeid, konflikhtar, kjærleik og hat.

På De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum sette vi opp miniutstillingane «Utsnitt» og «Frå fiber til tråd», medan vi har late nokre av dei mellombelse utstillingane, som «Jakta på Pigghåen» på Kystmuseet, «Nordfjordbåt» på Vågsberget og «Catharine Hermine Kølle» på Reiselivsmuseet, stå på sitt andre år.

I dei tre friluftsmusea blir det laga miljøutstillingar i fleire kulturhistoriske bygningar kvar sesong. Utstillingane viser historiske interiør med eit spenn over fleire hundreår. Tradisjonen tru vart det også laga miljøutstillingar med juletema i fleire stover, og vi formidla gjennom desse korleis det har vore pynta til jul, og korleis tradisjonane har endra seg over tid.



Torfinn Steindal (1910–1999) utvandra frå Steindalen i Flora og busette seg i Kent, Washington USA. Der heldt han fram med å spele slåttane han hadde lært i det gamle heimlandet. Steindal var ein av fleire emigrantar som publikum fekk bli betre kjent med i utstillinga «Spelemenn og sognakjerringar: underhaldning i det norske Amerika». Foto: Einar Eimhjellen.



Museumsleiar og utstillingsansvarleg Anne Kristin Moe Fitje formidlar engasjert ved Holvikejekta.



Besøkande kan sjå jekta frå alle perspektiv....



....og kan lese utstillingstekstar og sjå historiske bilde medan dei flyttar seg via ein universelt utforma rampe frå golvplan til galleri.

Formidling til born og unge

Born og unge i barnehage og skule er ei prioritert målgruppe for dei kulturhistoriske musea, og i 2025 tok vi imot 6 572 besøkande under 18 år i grupper – dei aller fleste av desse elevar i grunnskulen. Om dette hadde vore unike personar, ville besøkstalet svare til 50,9 % av elevtalet i grunnskulen for skuleåret 2024/2025.

Dei pedagogiske formidlingsopplegga utgjer kjernen av tilbodet til målgruppa. Opplegga skal legge til rette for læring og målretta kunnskapsformidling, og er dessutan knytt til kompetansemåla i skulen sin læreplan. På Digitalt Museum Skole presenterer vi kontinuerleg ein rikholdig meny som både skulane og barnehagane kan velje frå. Jamleg lærerevaluering gjev gode tilbakemeldingar på tilboda.

Museumsbuss starta å rulle i 2024, og sikrar gratis transport for alle niandeklasseelevar i Sogn og Fjordane til to museum i løpet av skuleåret. Med dette tilbodet har vi redusert skuleøkonomi som ein barriere for besøk, og tiltaket er eit viktig bidrag til å gjere musea tilgjengelege for flest mogleg. Vi erfarer ein stadig aukande interesse for museumsbussen, og i 2025 var det 1 361 niandeklasseelevar som nytta tilbodet. Museumsbussen er i sin heilskap finansiert av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, og museumspedagogane våre skapar lærerike og inspirerande møte med kulturarven for dei framveksande generasjonane.



Jord under neglene og litt regn ned med nakken. Potetplukking er del av det pedagogiske opplegget «Haustarbeid på museumsgarden» på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.



Museumspedagog Nina Renate Brendsdal formidlar om juletradisjonar til ein engasjert skuleklasse i Østenstadstova på Sunnfjord Museum.



Museumspedagogane har samarbeidd om å vidareutvikle spelet «Med årar og segl til Bergen» som ein av to modular i det mobile pedagogiske opplegget «Det omreisande museet». Spelet hadde førpremiere på MiSF si personalsamling og får sin store premiere på ein skule våren 2026.



I Kvernsteinsparken møtest tradisjonelle verkøy, lokal stein og eldgammel kunnskap. Museumspedagog Filippo Olari har rettleia skuleelevar i å hogge kvernstein så vel som å hogge steinrelieff.

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei kulturpolitisk satsing for grunnskulen og den vidaregåande skulen. Kwart år programmerer DKS Vestland ei rekke produksjonar innan ulike kulturuttrykk for skuleturne(ar). Musea er ein viktig tilbydar av kulturarvsproduksjonar, og kvart år melder vi i inn forslag. For skuleåret 2025–2026 vart tre av

produksjonane våre valt ut: «Sex-turisme» produsert av Norsk Reiselivsmuseum for turne på vidaregåande skular i Hordaland, «Kven er eg? Ungdom og identitet» produsert av De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum med besøk frå ungdomsskular i Sogn, og vår nye produksjon «Det omreisande museet» som får sin premiere i småskular i Ytre Sogn våren 2026. I tillegg har kvar enkelt kommune lokale DKS-midlar til bruk for sjølvvalt program, og fleire av musea våre har levert innhald til desse lokale programma.

Arrangement

Arrangementsprogrammet gjev aktualitet til musea for fleire ulike målgrupper; her får både generalisten og spesialisten eit godt museumstilbod. Spennet er stort – frå foredrag om smale tema frå farne tider til dagferske aktivitetar som eplepressing og potettrykk!

Fleire museum har faste arrangementsseriar og tradisjonsrike arrangement med eit trufast kjernepublikum. Blant dei større årlege arrangementa som trekker mange besøkande, finn vi mellom anna Kvernsteinsmarknaden i Kvernsteinsparken, Kystdagen på Kystmuseet, førjulsdagane på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum og Handelsdag på Vågsberget.



Museumsgjester på veg til nissen med graut i friluftsmuseet på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum. Dei tradisjonelle førjulskveldane på museet trekker mykje folk, og vi kan røpe at nissen får godt stell med graut fleire kveldar før jul. Foto: Jostein Vedvik.

Ein stadig aukande del av arrangementa våre omfattar aktivitetar og verkstader der besøkande med rettleiing får prøve eit handverk eller lage noko. Slik kan arrangementa vere gode arenaer for å formidle den immaterielle kulturarven, samtidig som aktivitetane inviterer til å gjere og skape noko saman.

I tillegg til eigne arrangement, har vi gode samarbeid med ei rekke aktørar i lokalsamfunna. «Amerikaseminaret», som var eit samarbeid mellom Nordfjord Folkemuseum og Nordfjord Sogelag, er eit godt døme på dette. Like eins Kystmuseet sitt årelange samarbeid med Kinn kommune om arrangementsserien «Ope hus», Sunnfjord Museum sitt samarbeid med Midtre Sunnfjord Husflidslag om «Husflids- og handverksmessa», og Norsk Reiselivsmuseum sin foredragsserie der ei rekke lokale aktørar i Balestrand er samarbeidspartar.

Kurs

Kurstilbod er med på å gjere musea til ein attraktiv læringsarena som gjev publikum høve til å utvikle nye ferdigheiter og ta del i vår immaterielle kulturarv. Kursdeltakarane får praktisk innføring i ulike

handverksteknikkar og innsikt i kunnskapen som kurshaldarane forvaltar. I året som gjekk, hadde vi mellom anna tilbod om kurs i korgfletting, treskjering og norsk-amerikansk felespel.

Andre formidlingstilbod

Alle dei kulturhistoriske musea våre har fast tilbod om introduksjonar og omvisingar til besøkande som løyser billett. Korleis dette tilbodet er organisert, varierer frå museum til museum. I sommarsesongen er det i all hovudsak sommarvertane som står for omvisingstilbodet.

I løpet av eit år tek vi i mot ei rekke små og store grupper som grunna ulike behov og ønske får eit særskilt tilrettelagt og skreddarsydd opplegg. I 2025 har musea gjennom desse tilboda bidrege til gode og meningsfulle museumsopplevingar for barnehageborn, menneske med demens, brukarar av dagtilbod ved omsorgssenter, høgskulestudentar, deltakarar i vaksenopplæringa, menneske med rus og åtferdsproblem, pensjonistlag, besøkstenesta, vgs.-elevar og mange fleire.



På Sunnfjord Museum har vi dei siste åra hatt tilbod om kurs i korgfletting med røynde instruktørar. Nytt av året var eige minikurs i korgfletting for born. Foto: Nina Renate Brendsdal / MiSF.



«KrabbeLars» hadde premiere på Kystdagen 2025 – til stor åtgauv for både store og små. Foto: Annette Holme / MiSF.

Frå opninga av utstillinga «URO».
Foto: Jostein Vedvik.



3

Kunst



Måleriet til Linda Soh Trengereid strekte seg på tvers av heile Høgsalen i Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

Utstillingsverksemd

2025 var ei perlerad av høgdepunkt: gamle meistarar på kunstmuseet, publikumsinvolvering, heimeyrkefokus og eit heilt nytt byggeprosjekt i startgropa ved Astruptunet.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Utstillingsåret på kunstmuseet byrja i april, med store kunstnarnamn på veggane. For første gong vart kunstverk av Johan Christian Dahl, Anna-Eva Bergman og Bård Breivik vist i bygget. Utstillinga med tittelen «Vest. Verk frå Birger Mowinckels samling» tok utgangspunkt i nesten 200 år med kunsthistorie, der hovudvekta av verka var lånt inn frå Birger Mowinckel i Bergen.

Gjennom tett samarbeid med Førdefestivalen opna vi utstilling i Høgsalen med Linda Soh Trengereid tidleg i juli. Den bergensbaserte kunstnaren har ei rekke utstillingsprosjekt bak seg i både heimbyen og andre stader, og til utstillinga i Høgsalen laga Trengereid eit

elleve meter langt landskapsmåleri. Utstillinga vart støtta av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Terje Grimen avslutta utstillingsåret på kunstmuseet. Den nyutdanna kunstnaren sto for eit av dei mest minnerike utstillingsprosjekta på museet nokon gong, der han inviterte publikum i alle aldrar til å både måle på veggane og brodere på tekstilar som hang ned frå taket.



Museumsleiar Mayra Henriquez monterer eit bilde i utstillinga Vest.

Astruptunet

Etter fleire år med oppussing og gjenopning av kunstnarheimen vart 2025 det første «normalåret» på lenge. Utstillinga «Naturens Gåve» hadde betydelege innlån med 17 kjente Astrup-verk frå Kode og Sparebankstiftelsen DNB og eit måleri frå Svanøy Stiftelse. Utstillinga vart produsert i 2024, og dette var andre sesong ho hang oppe.

Vår eiga samling var viktig for utstillingsaktiviteten, og på haustparten vart det synt fram fleire teikningar som ikkje har vore tilgjengelege for publikum tidlegare. Engel og Nikolai Astrup sine mønsterteikningar og tekstilar vart også utlånt til Eikaasgalleriet.



Dobbel regnboge over Astruptunet. Foto: Olin Steinsvik / Musea i Sogn og Fjordane.



Solveig Berg Lofnes og Olin Steinsvik kuraterte utstillinga på Eikaasgalleriet.

Eikaasgalleriet

Utstillinga «LIVSNERNEN – frå stove til atelier» opna 22. mai med over hundre gjester under sjølve opningskvelden. I utstillinga fekk publikum lære om fleire sentrale skikkelsar innanfor vev- og heimeyrketradisjonen i Jølster og om deira nettverk med andre kreative miljø nasjonalt.

Utstillinga inneheldt verk av både Ludvig Eikaas og Nikolai Astrup, og gjennom utoverretta kommunikasjon vart det også ei utstilling med høg publikumsinvolvering gjennom fleire innlånte tekstilar og vevnader. Det vart også oppretta eit samarbeid med ein lokal smykkekonstnar og gullsmed, som deltok med sine arbeid.



Fritt Ord og Lærdal kommune støtta oss med produksjon av utstillingskatalog. Foto: Ingrid Norem / Musea i Sogn og Fjordane.

Sogn kunstsenter

I Sogn Kunstsenter gjekk vi inn i andre sommarsesongen med utstillinga om Hans Gjesme si tid på Gaustad psykiatriske sjukehus mellom 1955 og 1971. Perioden har ikkje før vore løfta i nemneverdig grad i historia om Gjesme, og mange av verka i utstillinga har heller ikkje blitt vist tidlegare. Utstillingstittelen, «Gal og genial?», spelar på myten om korleis mange kunstnarar gjennom tida har fått denne merkelappen. Utstillinga nyanserer dette med å vise til den rikholdige produksjonen Gjesme hadde i åra som innlagt, der verka skildrar livet som pasient både på brutalt og vakkert vis. Bilda står ikkje tilbake frå tidlegare periodar i karrieren til Gjesme, tvert imot.

Utstillinga vart produsert i 2024, og over 5000 har sett utstillinga i løpet av tida ho har hange oppe. I

2025 fekk vi også laga ein katalog til utstillinga som inneheldt ein forskingsartikkel og ei rekke verksfoto frå utstillinga.

Formidling

Eikaasgalleriet hadde opne verkstader gjennom året, med fokus på ulike former for mønsterteikning og høve til å teste ulike trykkemetodar og tresnitt. Kunstmuseet har hatt månadlege verkstadtilbod for born og vaksne, med opplegg knytt til både

og barnehagar elles. Vi har teke i mot grupper frå vaksenopplæringa og frå besøkstenesta i Røde Kors. Ei rekke lag og foreiningar har fått oppleve våre utstillingar gjennom tilrettelagde besøk. For første gong vart det arrangert baby-omvisingar.

Arrangement

Nytt av året på Astruptunet har det vore sommarvandringar i Astruptunet. Tilbodet omfattar ei utvida omvising i hage, tun og utstilling. Dette har



Frå verkstad på Eikaasgalleriet.

utstillingar og relevante tema for årstidene. På Astruptunet er det produsert formidlingshefte for sal i butikken, som vart realisert på bakgrunn av støtte frå Sparebankstiftelsen DNB.

Våre kunstarenaer har teke i mot ei rekke skuleklassar, både gjennom museumsbuss for niande trinn og gjennom besøk frå skuleklassar

vore ei vandring som i større grad fortel historia til heile anlegget, kombinert med utvalde stoppestader der publikum vil kjenne att motiv frå bilda til Nikolai Astrup.

Å få nytta hagen inn i formidlinga er i ein oppbyggingsfase og er under utvikling saman med gartnarane i tunet. Ved siste haustingsperiode i



Sommarvandring i Astruptunet. Foto: Olin Steinsvik / Musea i Sogn og Fjordane.

2026 inviterte vi til arrangementet «Smak frå hagen», som var godt motteke. Deltakarane fekk fleire rettar med grunnlag i råvarene frå hagen, kombinert med formidling rundt Astrup sitt engasjement for planteriket, gjennom både hagen og kunsten. Før jul inviterte vi til førjulskos i kafeen og Kjøkkenstova, og arrangementet fekk god merksemd og mykje besøk.

I Eikaasgalleriet hadde vi fire kuratoromvisingar gjennom sesongen, med bra frammøte. Tematikken ved utstillinga opna for innsyn i ukjente historier som var til interesse, særleg for publikum i vårt nærmiljø. Ved sesongstart heldt vi bokbad med Liv Klakegg Dahlin og hennar bok om kunstnaren, entreprenøren og veverska Sigrun Berg. Hennar samarbeid med Jølster kunsthåndverk og Ludvig Eikaas er omtala og synleggjort i årets utstilling. Jølster litterære folkeakademi var samarbeidspartnar då vi hadde forfattaren Arnhild Skre på besøk i september. Skre sitt foredrag fokuserte på Hulda Garborg og hennar interiørinteresse. Garborg var med på å løfte tradisjonstekstilane inn i dei norske heimane, og arrangementet passa godt inn i omgjevnadene på Eikaasgalleriet med åkle hengande på veggane.

To arrangement på kunstmuseet peikar seg ut gjennom det innhaldsrike året: I samband med

opningskvelden under Førdefestivalen kunne fleire hundre besøkande oppleve kunstmuseet i dei seine nattetimane, gjennom konsertar og aktivitetar i alle etasjar. I haustmørket i november, under opninga av Terje Grimen si utstilling «Uro», var publikum sjølve med på å forme uttrykket utstillinga fekk. Både kunstnaren og museet oppfordra til måling og brodering.

Kunstmuseet har elles hatt ei rekke gjester innom faste kveldsarrangement gjennom året. Forfattarane Erlend O. Nødtvedt og Frode Skag Storheim er to av dei som har vore innom i samband med utstillinga «Vest. Verk frå Birger Mowinckels samlingar».

I Lærdal hadde vi fire spennande arrangement i 2025 i høve utstillinga «Gal og genial?». Forfattar Oddrun Midtbø var innom to gonger for å snakke om dei nye bøkene sine: «Harastølen. Heimen for dei utstøytte» og «Lobotomert. Ein skamplett i psykiatrihistoria». I august heldt seniorrådgjevar Ingrid Norum føredrag om Hans Gjesme sitt unike blick på Gaustad sjukehus, og i september fortalde forfattar Ivo de Figueiredo om kunst og psyke hjå Edvard Munch.

Kunstsamtale i det offentlege

Avdelinga har vore synleg på fleire måtar gjennom det travle året. I samband med utstillinga i Sogn kunstsenter vart ein vitskapleg artikkel publisert



I Førde kunne publikum mellom anna spørje våre kunsttilsette om kunst.



Statsråd Lubna Jaffery i Astruptunet sommaren 2025.

i tidsskriftet Kunst og kultur av seniorrådgjevar Ingrid Norum. Serien er det eldste kunsthistoriske tidsskriftet i Noreg og publiserer artiklar innan emna bildekunst, kunsthandverk, design og arkitektur.

Vi har også teke vårt formidlingsarbeid ut av musea og inn i kjøpesenteret Alti i Førde. Med t-skjorter med orda «Spør oss om kunst» oppfordra vi til dialog om stort og smått i kunstverda for handlande sunnfjordingar ein laurdag i oktober. Både born og vaksne fekk moglegheit til aktivitetar vi normalt gjer i eigne museumsbygg. Tiltaket var eit populært innslag i den mest travle delen av Førde og gav musea god merksemd utanfor sine tradisjonelle arenaer. Som del av strategien til musea som ein relevant samfunnsaktør er dette eit viktig arbeid å halde fram med for å sikre at fleire veit om oss, og at fleire får ta del i kunstformidling og kreativt arbeid.

Visningssenter i Astruptunet

Det komande visningssenteret i Astruptunet er noko som har prega året. Etter at design- og arkitektkonkurransen var ferdig i desember 2024, har heile 130 millionar blitt samla inn. Eit stort spleiselag har stått bak at arbeidet med bygget kan starte. Dei to stiftingane Sparebankstiftelsen DNB og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane gav 20 millionar kvar. Nokre månader etter kom kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery på besøk i Astruptunet og lova statleg støtte på over 30 millionar. Sidan har Vestland fylkeskommune garantert for løyvingar. Saman med eigarkommunen Sunnfjord står desse aktørane for at startskotet for byggeprosjektet kan byrje i 2026.

Vi ønsker å takke nære samarbeidspartnarar og støttespelarar: Sunnfjord kommune, Lærdal kommune, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Sparebankstiftelsen DNB og Stiftelsen Fritt Ord.

Steinar Evebø er driftsteknikar på
Nordfjord Folkemuseum.

A middle-aged man with grey hair, wearing a grey work jacket with orange straps and a large white number 4 on a teal background. He is standing outdoors with trees in the background.

4

Stab

Administrasjon

Under seksjon for økonomi og administrasjon ligg det oppgåver som rekneskap og lønskøyning, økonomirapportering og budsjettering, IT-drift, innkjøp av pc-ar og tilbehør, forsikring, offentlege avgifter, postmottak, sentralbord og generell administrasjon.

I 2025 har seksjonen vore samansett av fire stillingar: administrasjonssjef, administrasjonsmedarbeidar, økonomikonsulent og ei stilling som administrasjonskonsulent som seksjonen har delt med HR sidan oppstart i januar 2025. Ved starten av året utgjorde stillingane 2,9 årsverk, som vart redusert til 2,5 årsverk frå september. Vi har brukt året til å undersøke korleis vi kan automatisere ulike delar av drifta i større grad, eit fokus vi vil ha med oss framover. Vi har førebudd å ta i bruk nytt system for reise og utlegg frå 2026 og hatt oppstart på eit evalueringsprosjekt på kassene vi brukar. Dette vil halde fram i 2026.

På IT-sida er det KulturIT som er driftspartnar også i 2025. MiSF er deleigar saman med ei rekke andre museum. KulturIT jobbar for digitalisering i sektoren i samarbeid med dei ulike musea og tilbyr ulike fagsystem som er relevante for kultursektoren. I tillegg til IT-drift brukar vi fagsystem frå KulturIT på Primus, DigitaltMuseum, DigitaltMuseum Skole og Museumsbillett. På hausten oppgraderte vi plattformen til Windows 11 på alle maskinene.

Drift

Nytt spennande år på driftsavdelinga. 2025 starta med å lage til funksjonsskildring for eit nytt kontorbygg i Kvernsteinsparken, eit bygg der Hyllestad kommune er byggherre og musea blir leigetakar, planen er innflytting i 2026.

Eit bygg som er klart, og som vart tatt over av drift sommaren 2025, er Holvikejekta, eit spennande verne- og formidlingsbygg der temperatur og luftfukt skal vere jamn gjennom heile året.

Vågsberget handelsstad fekk på plass brannkonsept. Vi jobbar etter ein plan om å få dette på plass for alle våre bygg.

På Kystmuseet i Florø vart det fullført ei oppgradering som resulterte i ny takteking, nye kontor og toalett-fasilitetar til dei tilsette, i tillegg til eit arkivrom.

HR

2025 har vore eit år der vi har styrkt HR-arbeidet gjennom målretta kompetanseutvikling, høg medarbeidartilfredsheit og viktige steg i digitalisering av prosessar. Vi har vidareført arbeidet med mangfald og inkludering, profesjonalsert støttfunksjonane våre og tiltrekt oss mange gode kandidatar i rekrutteringar gjennom året. Samla sett har vi utvikla både organisasjonen og arbeidsmiljøet vidare og lagt eit solid grunnlag for dei strategiske satsingane framover.



Drøftingar på personalsamlinga.



Nyrekruttert museumsvert Denisa Jacobsen blir intervjuet av direktøren.



Frå Musea i Sogn og Fjordane si personalsamling ved det nye jektebygget.

Kompetanse

01.01.2025 starta vår nye HR- og administrasjonskonsulent. Dette har styrkt både kompetansen, kvaliteten og gjennomføringsevna i HR-seksjonen. Vi har vidareført fokuset frå 2024 på mangfald og inkludering, og vi har starta det strategiske arbeidet på området, i tillegg til generell kompetanseheving og bevisstgjeriing i heile organisasjonen.

Gjennom medlemskapet vårt i Balansekunst har vi gjennomført fleire verkstader for alle tilsette. Vi har òg utvikla ein likestillingsplan og har mål om å ferdigstille strategien for mangfald og inkludering sommaren 2026. Alle tilsette har laga individuelle utviklingsplanar, og vi har tilbydd kompetanseheving kollektivt og individuelt, jamfør kompetanseplanen vår.

Trivsel

Vi har halde oppe dei høge skårane på medarbeidartilfredsheit også i 2025, og enkelte område viser ein svak auke samanlikna med tidlegare år. Sjukefråværet er framleis lågt og ligg under snittet for sektor og bransje. Det er vi stolte av. Vi arbeider kontinuerleg for å skape ein arbeidsplass der medarbeidarane trivst, får utvikle seg og opplever høg motivasjon.

Effektivisering og digitalisering av HR-arbeidet

I 2025 gjorde vi eit strategisk val om å bytte HRM-system etter ei grundig kartlegging av marknaden. Store delar av hausten 2025 gjekk til kartlegging og

planlegging, før implementeringa av systemet Huma starta ved slutten av 2025 og fram mot starten av 2026.

Dette er ein del av det langsiktige arbeidet vårt med å profesjonalisere, effektivisere og digitalisere stabs- og støttefunksjonane – særleg innan HR.

Rekruttering og tiltak

Det vart rekruttert fleire nye faste tilsette i løpet av 2025. Vi har opplevd stor interesse for stillingane vi lyser ut, og har sett rekordhøge søkartal ved fleire høve. Dette viser at omdømmet vårt står sterkt. Vi får også gode tilbakemeldingar på rekrutteringsprosessen og på korleis nytilsette blir tekne imot.

I tillegg til rekruttering av faste tilsette har vi i 2025 tilsett fleire sommarvertar enn tidlegare. Vi har også hatt fleire personar inne på ulike former for arbeidsmarknadstiltak – noko som er eit mål for oss og ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt.

I år tok vi også imot vår første lærling innan bygningsantikvarisk handverk ved Kystmuseet, noko som gav oss viktig læring og erfaring.

Kommunikasjon og marknad

Kommunikasjonsåret 2025 starta med ei intern ransaking. Dei negative sidene med å bruke Meta og Google vart endå tydelegare då tek-eigarane knytte seg til ein president som tilsynelatande jobba for å avgrense musea si uavhengigheit, bygge ned demokratiet i eige land og bry seg lite



NRK har besøkt oss ofte det siste året. Her blir museumsleiar Solveig Berg Lofnes intervjuet, då kulturminister Lubna Jaffery informerte om løyvinga til nytt visningssenter for Astruptunet.



NRK intervjuar Mayra Henriquez, leiar ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum, og leiar for Førdefestivalen, Sølvi Lien.



NRK intervjuar publikum på opning av utstillinga Gjenklang ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

om normal verdsorden. Personvernproblematikken, avhengigheita hjå brukarane, undergravinga av nasjonale medieplattformer og ei rekke andre tema er velkjente problemstillingar, men denne gongen opplevde vi det endå mindre haldbart å bruke den amerikanske infrastrukturen. Året har difor blitt brukt til å ny-teste andre plattformer for å nå publikum.

Omtaler i media

For oss er det viktig at redaktørstyrte medium undersøker korleis vi skjøttar samfunnsoppdraget vårt. Vi arbeider difor med å legge til rette for journalistikk gjennom å informere journalistar om arbeidet vårt. Vi hadde 223 omtaler i redaksjonelle medium i 2025. Det er om lag ti prosent nedgang frå dei siste to åra. Dekninga nådde om lag 15 millionar lesarar/sjåarar/lyttarar (tal frå Infomedia). Firda Tidend, NRK, Firda, Firdaposten, Fjordingen og Sogn Avis er dei som har journalistisk innhald om Musea i Sogn og Fjordane.

Arbeid med og opning av Holvikejekta Nordfjord Folkemuseum fekk klart flest omtaler. Ein god nummer to er løyvingar og utspel knytt til visningssenter på Astruptunet, omtale vi deler

med anleggseigar Sunnfjord kommune. Elles handlar det mykje om utstillingar og arrangement, besøksstatistikk og noko formidling (altså der vi blir intervjuet om kunst eller kulturhistorie).

Nettside

Nettsida misf.no med alle dei 13 arenaene er vår viktigaste kanal til publikum. Her formidlar vi dei ulike arrangementa, utstillingane og aktivitetane, og vi publiserer nyheiter og formidlingsinnhald. Talet på unike brukarar auka med 23 prosent til 101 000, og dei besøkande brukar 15 prosent meir tid enn tidlegare år. I eit tid der trenden er at KI reduserer nettsidetrafiikk, er vi nøgde med dette rekordhøge besøket. Det skuldast høgt aktivitetsnivå med mange arrangement, dessutan ein del nyheits- og formidlingssaker.

Sosiale medium

Fleirtalet av arenaene kommuniserer via Facebook og Instagram. Her skjer både enkel formidling og informasjonsdeling. I sommar var mange sommarvertar spesielt aktive og laga mykje friskt innhald for publikum. Det samla talet på visningar av innhald var 3,7 millionar i 2025.

Nyheitsbrev

Hausten 2024 starta vi opp med nyheitsbrev, då vi med det kan nå det interesserte publikummet meir direkte og vere mindre avhengige av eksterne kanalar som Meta og Google. Her formidlar vi både arrangement, filmar, formidlingsartiklar og nyhende. Vi er no oppe i 460 abonnentar med ei opningsrate på rundt 60 prosent.

Digital formidling

Vi har som mål at innbyggjarane skal få auka innsikt i kva museumstilsette arbeider med, og at vi skal drive fagleg formidling også i digitale kanalar. I samband med det har vi produsert fleire filmar frå til dømes bygningsantikvarisk arbeid, samlingsforvalting på Tinghuset og utstillingsarbeid. Vi har også publisert fleire artiklar om liknande tema, i tillegg til nyheitssaker om forskning våre tilsette driv med. Dette får fin oppslutning på nettside, YouTube og so-me.

Marknadsføring

I 2025 sette vi oss føre å bruke meir tid og pengar på marknadsføring utanfor Google og Meta, som nemnt i innleiinga. Vi har testa distribusjon av flygeblad i postkasse, vi har hatt stands, vi har hengt opp fleire plakatar, og vi har annonsert meir i redaksjonelle medium. Det vi igjen erfarer, er at kostnader knytt til både flygeblad og redaksjonelle media er høgare enn kva vi får att av interesse og besøk – samanlikna med annonsering på sosiale medium og Google. Resultat per krone er oftast mange gonger høgare med dei amerikanske plattformene. For arrangement og utstillingar der vi berre har

annonsert i redaksjonelle medium, ser vi at besøket har vore lågare enn forventa, trass vesentleg i høgare kostnad. Å investere i lokalsamfunna gjennom annonsering i lokalavisene medfører altså nedgang i billettinntekter for oss. Det er alvorleg for samfunna våre at den digitale infrastrukturen som fungerer best til å nå publikum, er eigd av fjerne verksemdar som konsoliderer makta si hjå ein autoritær president. Dette er vi hjelpelause mot, men når alternativa for marknadsføring for oss fungerer så lite effektivt som no, blir det vanskeleg å velje Google og Meta heilt vekk – utan at vi har lagt den ballen død.

Også i 2025 har vi jobba vidare med å bli betre kjent med publikummet vårt. Vår digitale marknadsfører har skrive masteroppgåve om hindringar for museumsbesøk, vi har hatt gjesteundersøking gåande på arena, og vi har hatt testgruppe for nettsida. Eit viktig funn er at dei fleste som faktisk besøker oss, har ei positiv oppleving. Vi har også lært at mange har lite interesse av å utforske museum utanfor eigen region. Mange foreldre etterlyser meir aktivitetar dei kan gjere med borna. Det er også mange som opplever at museum er lite relevante å besøke. Innsikta peikar mot å utvikle kommunikasjon og tilbod og slik at fleire kan oppleve museumsbesøk som relevant.

Musea i Sogn og Fjordane er medlem i og jobbar tett med destinasjonsselskapa Visit Nordfjord, Visit Fjordkysten og Sunnfjord, Visit Sognefjord og Visit Bergen. Vi oppdaterer oppføringane på nettsider, samarbeider om kampanjar og deltek på visningsturar og arrangement. Det var veldig kjekt å samarbeide litt tettare enn normalt med Visit Nordfjord i høve opninga av Holvikejekta.

Besøkstal

I 2025 hadde vi ein besøksvekst på knappe to prosent, til 58 678 gjester. Om vi reknar med Holvikejekta som ny arena, med sine 3 292 besøkande, så har resten av musea i snitt hatt færre besøkande enn året før. Vi er svært glad for at 7 553 av desse var gruppebesøk frå skular og barnehagar i skuletida, som deltok i våre mange formidlingsopplegg.

Arenaene med størst vekst i besøkstalet var Nordfjord folkemuseum, Vågsberget og Haugefisk. Dei to førstnemnde sin vekst har samband med ein auke i gruppebesøk frå cruise og/eller turoperatørar,



Gjester studerer interiøret i eitt av dei mange antikvariske bygga på De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum.



Mange besøker oss på førjulsarrangement, her ved Sunnfjord Museum. Foto: Jostein Vedvik.



Norsk Reiselivsmuseum kan by på opplevingar for både store og små.

medan Haugefisk dreiv formidling under arrangementet Fjordsteam i Stavanger. Astruptunet og Sogn Kunstsenter har hatt størst nedgang. For Astruptunet sin del skal det litt til å toppe nyopning med masse medieomtale og Dronning-besøk i 2024. For begge arenaene var dessutan utstillingane dei same som året før – så nyheitas verdi var kanskje noko redusert.

Andre faktorar som har spela inn, er ein regntung forsommar med påfølgande hetebølge. Vi ser at veldig dårleg eller veldig varmt vår ikkje er fordelaktig


for å ta turen på museum. Som nemnt ovanfor har også mindre effektiv marknadsføring i enkelte tilfelle gjort at besøkande til arrangement har vore lågare enn forventa. Til sist utgjer sommarsesongen og turistar ein viktig del av besøkstalet vårt. I fjor var det ein god auke i talet på turistar i Vestland, men ein nedgang på fire prosent i talet på overnattingsdøgn for nordmenn. Sidan det er norske turistar som historisk besøker oss mest, kan denne reduksjonen også ha påverka besøk hjå oss gjennom sommaren.

Besøksstatistikk for Musea i Sogn og Fjordane

BESØKSSTAD	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Anders Svor Museum	758	491	774	688	863	0	0	0	0	0	0
Astruptunet	3 001	4 505	4 793	4 311	3 429	5 548	4 755	3 263	4 059	7 453	5 152
Eikaasgalleriet	1 113	1 744	1 866	1 161	1 078	790	804	640	589	1 206	1 137
Sogn Kunstsenter	5 779	533	511	522	610	0	505	1 694	2 254	3 384	2 156
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	8 061	7 081	6 926	6 171	6 845	3 741	4 969	5 453	8 601	5 683	4 369
Kystmuseet i Sogn og Fjordane	8 231	6 265	7 949	10 781	8 803	2 824	3 936	6 147	4 291	4 546	3 992*
Haugefisk Kystmuseet									*	434	1560
Nordfjord Folkemuseum	9 352	9 611	8 817	6 335	7 537	3 009	2 499	2 880	2 888	3 982	5 338
Holvikeyekta Nordfjord Folkemuseum										*	3 292
Kvernsteinsparken	2 403	2 332	3 243	3 141	3 072	1 275	2 787	1 009	2 497	2 680	2 785
Norsk Reiselivsmuseum	0	5 509	5 881	7 318	4 948	2 549	3 545	6 414	7 770	10 381	9 704
DHS-Sogn Folkemuseum	13 810	17 777	18 036	17 365	15 511	4 800	6 034	8 325	9 735	10 999	10 180
Sogn Fjordmuseum						*	794	0	857	1 346	1 431
Sunnfjord Museum	8 576	7 966	8 034	6 501	4 844	2 054	3 031	3 345	4 112	4 273	4 899
Vågsberget						*	419	215	806	1 301	2 683
SUM PR. ÅR	61 084	63 814	66 830	64 294	57 540	26 590	34 078	39 385	48 459	57 668	58 678

*ikkje eigne tal for Vågsberget og Sogn Fjordmuseum før 2021 (tala var tidlegare rapportert som del av Kystmuseet og DHS – Sogn Folkemuseum). Anders Svor Museum gjekk ut av MiSF og inn i Viti i 2020. Haugefisk er del av Kystmuseet, men vart skilt ut med eigne besøkstal frå 2024. Besøk på Holvikeyekta har tidlegare blitt rekna med i Nordfjord Folkemuseum sine tal, men er frå 2025 skilt ut ettersom ny besøksarena er bygd. Talet for Kystmuseet inneheld besøkande til Opdal skulemuseum. I 2020 harmoniserte Musea i Sogn og Fjordane besøksteljinga, jfr krav frå Kulturdirektoratet. Det betyr at tidlegare besøksstatistikk frå før og no ikkje er direkte samanliknbare.

Besøksstalsutvikling i musea 2015-2025



Museumsleiar Trude Knutzen Knagenhjelm
framfor Storebåten på Sogn Fjordmuseum.

5


MUSEA I SOGN
OG FJORDANE

Om Musea i Sogn og Fjordane STI

Musea i Sogn og Fjordane STI (MiSF) vart oppretta på bakgrunn av sentrale føringar og som følge av den statlege museumsreforma i Stortingsmelding nr. 22 (1999–2000) Kjelder til kunnskap og oppleving.



Styremøta i MiSF blir arrangert rundt på arenaene. Her har museumsleiar Alexander Rauboti omvising i Steinhoggarløypa i Kvernsteinsparken.

MiSF vart stifta 14. januar 2009 med ein stiftingskapital på 100 000 kroner, fordelt med 50 000 kroner på Sogn og Fjordane fylkeskommune og 10 000 kroner på kvar av dei andre stiftarane, De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sunnfjord Museum.

I 2013 vart Kvernsteinsparken del av stiftinga, og i 2017 vart Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum del av Musea i Sogn og Fjordane. Seinare har samlinga til Nordfjord Sogelag og stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane også blitt del av MiSF.

Stiftinga bestod av desse fjorten arenaene ved utgangen av 2025:

- De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
- Sogn Fjordmuseum
- Norsk Reiselivsmuseum
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Astruptunet
- Eikaasgalleriet
- Sogn Kunstsenter
- Nordfjord Folkemuseum
- Holvikejekta
- Kystmuseet i Sogn og Fjordane
- Vågsberget
- Sunnfjord Museum
- Kvernsteinsparken
- Tinghuset fellesmagasin

Rådet

Forutan stiftingsstyret skal det ifølge stiftingsvedtektene vere eit råd for det konsoliderte museet. Rådet er sett saman av representantar frå eigarstyra, fylkeskommunen, vertskommunane, regionråda, Høgskulen på Vestlandet og Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane. Rådet hadde eitt møte i 2025.

Styret

Styret er sett saman av styreleiar, nestleiar og fem styremedlemmer, totalt sju personar. Vestland fylkeskommune vel styreleiar og ein styremedlem med personlege varaer. Rådet vel tre medlemmer med personlege varaer. To medlemmer med personlege varaer blir valde av dei tilsette. Styret er det øvste organet i stiftinga.

Styret har leidd stiftinga si verksemd i samsvar med vedtekter, lover, regelverk og avtaler elles. Styret har også sett til at verksemda i meldingsåret har vore driven i samsvar med hovudintensjonane i museumsreforma og dei retningslinene som er gjevne i tilsegnsbrev fra offentlege styresmakter.

Styreleiar:

Ivar Kvalen

Nestleiar:

Gunhild Berge Stang

Styremedlem:

Magni Aa Berge

Styremedlem:

Siri Sandvik

Styremedlem:

Rune Hegrenes

Styremedlem (tilsettrepresentant):

Knut Arve Helle

Styremedlem (tilsettrepresentant):

Therese Nasset

Første vara:

Hege Lothe

Andre vara:

Frode Bøthun

Tredje vara:

Eli-Grete Høyvik

Fjerde vara:

Hilde Kvamsås Aa

Femte vara:

Monica Finden

Sjette vara:

Arnljot Sæternes


Første tilsettvara:

Mayra Henriquez

Andre tilsettvara:

Øyvind Atle Skarstein

Organisasjonskart



*Samlingsforvaltar Sergio Tassi
pakkar eit skrin med kodelås på
Tinghuset.*



6

Årsrekneskap for

Musea i Sogn og Fjordane STI

Org.nr. 994 179 136 - Rekneskapsår 01.01.2025 - 31.12.2025

Styrets si årsmelding for 2025

Verksemdas art og lokalisering

Musea i Sogn og Fjordane STI er eit konsolidert museum oppretta i 2009, som verkar i regionen Sogn og Fjordane i Vestland fylke. Dei ulike museum og besøksstadane omfattar Nordfjord Folkemuseum (Sandane – Gloppen Kommune), Holvikejekta – Nordfjord Folkemuseum (Sandane – Gloppen Kommune), Kystmuseet i Sogn og Fjordane (Florø – Kinn Kommune), Sunnfjord Museum (Førde – Sunnfjord Kommune), Tinghuset (Førde – Sunnfjord Kommune), De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (Kaupanger – Sogndal Kommune), Sogn og Fjordane Kunstmuseum (Førde – Sunnfjord Kommune), Kvernsteinsparken (Hyllestad Kommune), Norsk Reiselivsmuseum (Balestrand – Sogndal Kommune), Handelsstaden Vågsberget (Vågsøy – Kinn Kommune), Sogn Fjordmuseum (Kaupanger – Sogndal Kommune), Astruptunet (Sandal - Sunnfjord Kommune), Eikaasgalleriet (Ålhus – Sunnfjord Kommune) og Sogn Kunstsenter (Lærdal Kommune).

Musea i Sogn og Fjordane STI er ei stifting registrert i foretaksregisteret i Brønnøysund med organisasjonsnummer 994 179 136. Forretningsadresse er Gota 16, 6823 Sandane.

Føremålet til Musea i Sogn og Fjordane STI er å drive museum. Stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forskning og formidling. Stiftinga skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM sitt museumsetiske regelverk. Stiftinga kan også drive verksemd med naturleg tilknytning til hovudverksemda som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål.

Stiftinga si målform er nynorsk.

Oppsummering, status og utvikling i Musea i Sogn og Fjordane STI

Viktigaste hendingane i 2025 er opning av visnings- og formidlingsbygg for Holvikejekta på Sandane, og igangsetting av byggetrinn II på Tinghuset i Angedalen med overlevering i januar 2026.

Musea i Sogn og Fjordane mottok offentlege tilskot frå alle offentlege nivå, stat, fylket og kommune. For 2025 utgjer ordinære offentlege tilskot 89 % av totale inntekter. I tillegg til dette mottok MiSF tilskot frå Kulturdepartementet på vegne av Måløyraidsenteret, Gulatinget og Jakob Sande selskapet. Desse tilskota vert vidare utbetalt til dei nemnde organisasjonane og er ikkje ein del av tala i årsrekneskapen. For året summerte dei nemnde tilskota seg med følgande fordeling; kr 770 000, kr 591 000 og kr 1 153 000.

Styrearbeidet

Styret hadde fire møte og behandla 47 saker i 2025.

Framleis drift

Styret vurderer stiftinga sin økonomiske situasjon som solid med ein eigenkapitalgrad på 52,4 % og likviditeten som god.

Styret og administrerande direktør meiner føresetnaden for framhald av drifta er til stades, og legg dette til grunn ved framlegging av årsrekneskapen. Ordinære offentlege tilskot for 2026 er løyvd frå stat og fylkeskommune i mottekne tilskotsbrev. Den finansielle risikoen i stiftinga er låg.

HR og arbeidsmiljø

Å skape eit trygt og utviklande arbeidsmiljø er eit prioritert fokusområde i stiftinga, særleg med vår

hybride organisasjonsmodell og store geografiske spreiding. I 2025 har vi vidareført gode rutinar for medarbeiderundersøkingar, tett oppfølging av tilsette og systematisk HMT-arbeid. Resultat viser framleis høg trivsel, motivasjon og god oppleving av leining i stiftinga.

Vi har gjennomført fleire tverrfaglege samlingar, lagt vekt på kompetanseheving innan ulike fagområder og vidareført sosiale aktivitetar om styrkjer kultur og relasjonar. I tillegg har vi hatt kvartalsvise møte i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) og jamlege informasjons- og drøftingsmøter med dei tillitsvalde.

Skader og ulukker

Det er ingen registrerte personskadar eller arbeidsulukker i 2025.

Sjukefråvær

Totalt sjukefråvær per 31.12.2025 utgjer 3,95% mot 3,93 % i 2024. Tala viser eit stabilt nivå, og stiftinga vurderer dette som tilfredsstillande. Vi har framleis fokus på tett og medverkande oppfølging av sjukefråværet i tråd med gjeldande lovverk og interne rutinar.

Mangfald, inkludering og likestilling

Styret og leinga er medvitne om både samfunnets forventningar og lovpålagte krav knytt til mangfald,

inkludering og likestilling. For stiftinga er dette eit viktig mål - ikkje bere fordi vi må, men fordi vi meiner det er rett.

I 2025 start vi eit større prosjekt for bevisstgjerung og kompetanseheving på mangfald og inkludering, der medlemsskapet i Balansekunst har vore ein verdifull ressurs. Vi er no i gang med å utarbeide ein strategi for området, som etter planen skal ferdigstillast i 2026.

Som ein direkte konsekvens av dette arbeidet har vi i 2025 utarbeidd ein likestillingsplan (Gender Equality Plan), tilgjengeleg på våre nettsider. Planen er utforma i samsvar med krav i likestillings- og diskrimineringslova. I tillegg har vi gjennomført fleire tiltak for å sikre likestilling og redusere risiko for diskriminering, mellom anna:

- Lønsskartlegging og revisjon av lønspolitikk
- Gjennomgang av rutinar for rekruttering
- Oppdatering av personalpolitiske prosessar

Stiftinga hadde i 2025 til saman 62,1 årsverk. Dette er inklusive vikarar, mellombelse engasjement/prosjektstillingar og sommarvertar/timetilsette. Styret meiner at stiftinga har eit tilfredsstillande fokus på likestilling.

Type rolle/stilling per 31.12.25	Tal	Kvinner/Menn
Administrerande direktør	1 årsverk	Mann
Leiargruppa	8 årsverk	3 kvinner, 5 menn
Museumsleiarar	8 årsverk	7 kvinner, 1 mann
Styret	7 personar	4 kvinner, 3 menn
Faste stillingar	55,2 årsverk	37 kvinner, 26 menn
Mellombelse stillingar/sesongtilsette/vikariat	6,9 årsverk	50 kvinner, 27 menn
Andel foreldrepermisjonar i 2025	3	1 kvinne, 2 menn

Åpenhetsloven

MiSF har ein storleik som gjer at organisasjonen pålagt å fylje utgreiingsplikta i tråd med åpenhetslova si §4. Utgreiing på området er tilgjengeleg på nettstaden www.misf.no, i tråd med krav i lova.

Ytre miljø

Det er ikkje tilhøve ved verksemda som kan medføre betydeleg påverknad på det ytre miljø.

Forsikring styret/dagleg leiar

Det er ikkje teikna forsikring for styrets medlemmar eller administrerenda direktør med tanke på deira moglege ansvar overfor stiftinga.

Årsresultat og disponering

Styret meiner at resultatrekneskapen og balansen med notar gjev eit rettvisebilde av drifta i løpet av året og av stillinga ved årsslutt. Stiftinga hadde i 2025 eit bokført positivt resultat på 9 849 287 kroner. Styret sitt framlegg til disponering av resultat er at overskotet vert tilført eigenkapitalen i sin heilheit. Styret er ikkje kjend med hendingar etter avslutning av årsrekneskapen som påverkar rekneskapen i vesentleg grad. Kontantstraumen er negativ og kan forklarast med store investeringar i verne- og formidlingsbygget til Holvikejekta og Tinghuset byggetrinn 2.

Ved utgangen av 31. desember 2025 var total eigenkapital på kr 38 764 468. Netto pensjonsforplikting er balanseført til kr 7 530 588.

MUSEA I SOGN OG FJORDANE STI

Sandane 25.02.2026

Ivar Kvalen

Styreleiar

Gunhild Berge Stang

Nestleiar

Siri Sandvik

Styremedlem

Therese Nasset

Styremedlem

Magni Aa Berge

Styremedlem

Knut Arve Helle

Styremedlem

Rune Hegrenes

Styremedlem

Jan Heggheim

Adm.direktør

Resultatrekneskap

Driftsinntekter og driftskostnader	Notar	2025	2024
Salsinntekt	1	5 586 234	5 238 526
Driftstilskot	1	71 251 806	67 708 800
Prosjektinntekter	1, 2	2 038 384	2 228 693
Anna driftsinntekt	1	162 481	796 515
Sum driftsinntekter		79 038 905	75 972 534
Varekostnad		1 365 971	1 255 236
Utstillingskostnader, kunstkommisjon		74 436	394 035
Lønskostnad	3	39 011 126	47 760 098
Ordinær avskrivning	4	1 717 712	1 515 258
Annan driftskostnad	3, 5, 6	28 523 230	29 528 825
Sum driftskostnader		70 692 475	80 453 452
Driftsresultat		8 346 430	-4 480 917
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		1 523 037	2 156 089
Anna finansinntekt		1 607	1 203
Annan rentekostnad		-4 624	-5 300
Annan finanskostnad		-17 163	-603
Netto finansresultat		1 502 857	2 151 388
Årsresultat		9 849 287	-2 329 529
Overføringer			
Overført til/frå annan eigenkapital		9 849 287	-2 329 529
Sum overføringer		9 849 287	-2 329 529

Balanse pr. 31. desember

EIGEDLAR	NOTAR	2025	2024
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	4	49 866 849	64 509 751
Driftsløsøre, inventar, verkøy, kontormaskiner o.l.	4	3 754 235	3 803 654
Sum varige driftsmiddel		53 621 084	68 313 405
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar		255 730	255 730
Andre langsiktige fordringar		2 548 149	2 377 948
Sum finansielle anleggsmiddel		2 803 879	2 633 678
Sum anleggsmiddel		56 424 963	70 947 083
Omløpsmiddel			
Varer		853 474	895 225
Fordringar			
Kundefordringar	7	333 050	360 255
Andre kortsiktige fordringar	7	8 554 472	7 773 752
Sum fordringar		8 887 522	8 134 006
Bankinnskot, kontantar og liknande	8	7 846 004	26 499 907
Sum omløpsmiddel		17 587 000	35 529 138
SUM EIGEDLAR		74 011 963	106 476 222

Balanse pr. 31. desember

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTAR	2025	2024
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	9	4 456 483	4 456 483
Sum innskoten eigenkapital		4 456 483	4 456 483
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	9	34 307 985	24 458 697
Sum opptent eigenkapital		34 307 985	24 458 697
Sum eigenkapital		38 764 468	28 915 180
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Pensjonsplikter	10	7 530 588	18 598 680
Sum avsetjing for plikter		7 530 588	18 598 680
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		8 434 467	8 037 645
Skyldige offentlige avgifter		2 904 285	2 720 874
Anna kortsiktig gjeld	11	5 573 321	6 895 040
Pågåande prosjekt	2	10 804 834	41 308 802
Sum kortsiktig gjeld		27 716 907	58 962 361
Sum gjeld		35 247 495	77 561 041
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		74 011 963	106 476 222

Sandane 25.02.2026

Styret i MUSEA I SOGN OG FJORDANE STI

Ivar Kvalen
Styreleiar

Gunhild Berge Stang
Nestleiar

Siri Sandvik
Styremedlem

Therese Nasset
Styremedlem

Magni Aa Berge
Styremedlem

Knut Arve Helle
Styremedlem

Rune Hegrenes
Styremedlem

Jan Heggheim
Adm.direktør

Kontantstraumoppstilling

	2025	2024
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
Årsresultat	9 849 287	-2 329 529
Tap/vinst ved sal av anleggsmiddel	0	8 615
Ordinære avskrivningar	1 717 712	1 515 258
Endring i varelager	41 751	-22 952
Endring i kundefordringar	27 204	657 050
Endring i leverandørgjeld	396 822	-9 256 997
Endringar i pensjonsplikter	-11 238 293	-426 884
Endring i pågåande prosjekt	-845 091	-132 219
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-1 919 028	2 051 754
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	-1 969 636	-7 935 904
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
Innbetalingar ved sal av varige driftsmidlar	0	100
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar	-27 084 267	-34 493 993
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-27 084 267	-34 493 893
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar		
Mottatt investeringstilskot i året	10 400 000	26 250 000
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	10 400 000	26 250 000
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-18 653 903	-16 179 797
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande 01.01	26 499 907	42 679 704
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande 31.12	7 846 004	26 499 907

Notar til årsrekneskap 2025

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova. Følgjande rekneskapsprinsipp er anvende:

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipp

Inntekt er resultatført når den er opptent. Utgifter er samanstilt og kostnadsført samstundes med dei inntekter som utgiftene kan relaterast til. Utgifter som ikkje kan relaterast direkte til inntekter vert kostnadsførte når dei har oppstått.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld.

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig gjeld er tilsvarande kriterie lagde til grunn. Anleggsmidlar vert vurderte til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet vert rekna som ikkje forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid, vert avskrivne planmessig. Omløpsmidlar vurderast til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert balanseført og vert avskrive over driftsmidlane si levetid. Direkte vedlikehald av driftsmidlar vert kostnadsført løpande under driftskostnader, medan påkostningar eller forbedringar vert tillagt driftsmidlets kostpris og vert avskrive i takt med driftsmidlet. Leigde (leasa) driftsmidlar vert balanseført som driftsmidlar dersom leigekontrakta er finansiell.

Fordringer

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av anskaffelseskost etter FIFO prinsippet og virkeleg verdi. Det foretas nedskrivning for pårekeleg ukurans.

Pensjoner

Stiftinga har ei ytelsesbasert pensjonsordning. Ytelsesplan betyr at pensjonsordninga definerer ein pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Ytelsesplanen er avhengig av fleire faktorer som alder, tal år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er nåverdien av dei definerte ytelsane på balansedatoen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlene, justert for ikkje resultatførte estimatavvik og ikkje resultatførte kostnader knytt til tidligare perioder sin pensjonsopptjening. Pensjonsforpliktinga vert berekna årleg av en uavhengig aktuar.

Konsolidering

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009, og er ei samanslutning av fylgjande organisasjonar:

- De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
- Kystmuseet i Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Sunnfjord Museum
- Nordfjord Folkemuseum
- Norsk Kvernsteinsenter
- Norsk Reiselivsmuseum

NOTE 1 Driftsinntekter

All omsetning i Norge	2025	2024
Omsetning varer og tjenester	5.586.234	5.238.526
Tilskot frå stat v/Kulturdepartementet	45.023.292	42.907.533
Tilskot frå Vestland fylkeskommune	17.592.577	16.687.599
Tilskot frå kommunar (tidl. Sogn og Fjordane fylke)	8.635.937	8.113.668
Inntekter prosjekt	2.038.384	2.228.693
Andre driftsinntekter	162.481	796.515
Sum driftsinntekter	79.038.905	75.972.534

NOTE 2 Prosjekt i arbeid

Stiftinga mottak årleg tilskot. Midlar gjevne til bestemte prosjekt blir avsett i rekneskapen og resultatføres når dei vert brukt. Eventuelle overskot/underskot på prosjekta vert belasta drifta og blir ikkje vist i noten.

	Prosjekt nr	01.01	Mottatt	Brukt	31.12
Takrestaurering Kystmuseet	1023	12.051		12.051	0
Å forske saman - Museumsløft '24 VLFK	1025	407.700		239.456	168.244
Brannalarm KSF, Nilsenslippen, Bataldeb	1026	0	104.300	100.000	4.300
Museumsbuss	1035	938.657		339.621	599.036
Båtmagasin felles	1315	2.359.688			2.359.688
Heggdalsloftet 2024 - Museumsløft VLFK	2024	147.540		137.949	9.591
Stabbursikring Vågsberget	3452	103.200	-29.209	73.991	0
Rekruttering av mannskap til Haugefisk	3475	0	50.000		50.000
Kartsystem Haugefisk	3476	0	140.000	140.000	0
Mostien	4057	68.102			68.102
SUM Jubileum 100 år	4061	0	150.800	76.854	73.946
Gulehuset UU	4062	0	215.000	7.880	207.120
Elvhaug	5917	394.315	26.687	186.905	234.097
Fjordmuseum	5927	239.819			239.819
Kulturlandskap museum	5928	77.201		17.348	59.853
NRM utført sette kostnader	5943	108.510		108.510	0
Hemrebui	5966	150.573		6.405	144.168
DKS det omreisande museet	5967	90.199		45.940	44.259
Nasjonalt nettverk Kulturlandskap	5968	85.715	85.715	85.715	85.715
Pilotprosjekt Kunst	6064	803.153	250.000	259.760	793.393
Gjenklang Linda Soh Trengereid	6126		150.000	150.000	0
Formidlingshefte Astruptunet 2025	6128		50.000	50.000	0
Utviklingsmidlar NKS	7017	163.503			163.503
Sum prosjektmidlar felles konto		6.149.925	1.193.293	2.038.384	5.304.834

Prosjekt på egne kontoar

Verne- og formidlingsbygg Holvikejekta	1881	35.158.877	4.900.000	40.058.877	0
TINGhuset (fellesmagasin) del 2	1052	0	5.500.000		5.500.000
Sum prosjektmidlar totalt		41.308.802	11.593.293	42.097.261	10.804.834

NOTE 3**Lønskostnader og ytingar, godtgjersler til dagleg leiar, styret og revisor**

Lønskostnad	2025	2024
Løn	40.764.195	39.160.871
Refusjonar	-1.629.090	-877.327
Arbeidsgjeveravgift	5.118.198	4.621.978
Pensjon	-6 025 773	4.518.056
Andre personalkostnader	783.596	336.520
Sum	39 011 126	47.760.098
Antall årsverk faste	55	57
Antall årsverk andre	7	7
Sum årsverk	62	64
Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn/honorar	1.153.619	248.069
Andre ytingar	24.936	9.555
Sum	1.178.555	257.624
Revisor	2025	2024
Honorar revisjon (eks.mva)	196.843	286.232
Andre revisjonsrelaterte tenester (eks.mva)	183.114	51.509

NOTE 4 Anleggsmidler

Tomter, bygninger og anna fast eidegom	Tomt Ramstad	Tinghuset	Bygning Holvikejekta	Bygg KSF og SUM	SUM
Anskaffelseskost 1.1.	2.718.124	18.298.991	36.549.766	9.187.640	66.754.521
Tilgang i året	15.315	15.404.519	10.783.701	116.807	26.320.342
Finansiert med tilskot			-40.058.877		-40.058.877
Anskaffelseskost 31.12.	2.733.439	33.703.510	7.274.590	9.304.447	53.015.986
Samla ordinære avskrivingar	0	2.545.829	182.111	421.197	3.149.137
Bokført verdi 31.12	2.733.439	31.157.681	7.092.479	8.883.250	49.866.849
Årets ordinære avskrivingar		632.016	182.111	90.240	904.367
Levetid		50 år	20 år	20-50 år	
Avskrivingsmetode		Lineær	Lineær	Lineær	
Driftsløsøre, inventar, verkøy, mm.	Fast utstilling	Inventar og utstyr	Haugefisk	Bilar	SUM
Anskaffelseskost 1.1.	1.352.043	6.837.507	1.394.695	279.800	9.864.045
Tilgang i året		763.926			763.926
Anskaffelseskost 31.12.	1.352.043	7.601.433	1.394.695	279.800	10.627.971
Samla ordinære avskrivingar	338.011	5.904.042	351.883	279.800	6.873.736
Bokført verdi 31.12	1.014.032	1.697.391	1.042.812	0	3.754.235
Årets ordinære avskrivingar	135.204	443.553	234.588	0	813.345
Levetid	10 år	3-10 år	5-20 år		4 år
Avskrivingsmetode	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær

NOTE 4 Anleggsmidler (forts)

Overtaking av kunstsamling frå Stiftinga Kunstmuseet i Sogn og Fjordane

Stiftinga eig ei mindre kunstsamling som ikkje er balanseført. Eigarskapen vart overført i samband med sammenslåinga av Stiftinga Kunstmuseet i Sogn og Fjordane og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2017. Overdraginga var vederlagsfri. I 2020 og 2021 har vi mottatt ekstraordinære tilskot på 5 million til innkjøp av norsk samtidskunst, frå nolevande kunstnarar. Desse kunstverka er ikkje balanseført.

Overtaking av samlingar frå Nordfjord Sogelag

Pr. 1. september 2018 overlot Nordfjord Sogelag eigarskapen til bygningar og gjenstander ved Nordfjord Folkemuseum til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Overdraginga var vederlagsfri. Eigedelane er ikkje balanseført i rekneskapen. Overtakinga omfatta desse bygg og gjenstander:

- Holvikejekta
- Administrasjons- og utstillingsbygg
- Lagerbygg
- Friluftsmuseet med 44 antikvariske bygninger og ein kopi (Jølet)
- 2 bygninger utenfor Jølet
- Ca 23.000 gjenstander

Overtaking av bygg og samlingar frå Kystmuseet i Sogn og Fjordane (KSF)

Med rekneskapsmessig verknad pr. 1. januar 2021, har Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane og Kystmuseet i Sogn og Fjordane slått seg saman. Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er overtakande stifting. Overdraginga var vederlagsfri. Driftsbygg og anlegg er balanseført i rekneskapen. Samlingane er ikkje balanseførte.

Vamråk i Bremanger Kommune (Kalvåg) er pr. november 2024 gjeve i gåve til Kalvåg Kystlag for kr 100. Det føreligg ein tilbakeføringsklaus i avtalen med Kalvåg Kystlag at dersom dei på eit tidspunkt ikkje ynskjer å eige Vamråk lengre, vil bygget tilbakeførast til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Vamråk er ført ut av balansen.

Tinghuset - fellesmagasin

Tinghuset byggetrinn 1 vart offisielt opna 2. februar 2024 og vart tatt i bruk etter det. Tinghuset er ført som eit anleggsmiddel med frådrag for mottekne investeringstilskot. Tinghuset byggetrin 2 er påbegynt i 2025.

Holvikejekta - verne og formidlingsbygg

